



Saksdokument

Region Nordhordland Helsehus IKS. Kommunal godkjenning av utvida rammer for låneopptak.

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
041/17	Formannskapet	01.06.2017
012/17	Hovudutval for omsorg	12.06.2017
040/17	Kommunestyret	22.06.2017

Behandling i Kommunestyret 22.06.2017

Handsaming og røysting

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret KOM sak 040/17

Gulen kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

Vedlegg	Dok.ID
Protokoll 1-2017 Representantskap RNHI 24. mai	135224
Sak 3-17. Utvida låneramme RNHI	135225
Selskapsavtale Helsehus - forslag revidert juni 2017	135226

Bakgrunn for saka:

Eit samrøystes Representantskap gjorde dette vedtaket onsdag 24. mai 2017: «Representantskapet ber styret i Region Nordhordland Helsehus IKS fremja sak for kommunane om å endra selskapsavtalen §7-4 og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane».

Region Nordhordland Helsehus IKS ber om at kommunane handsamar sak om utvida rammer for låneopptak i sine respektive kommunestyre i juni slik at prosjektet kan halda gjeldande framdriftsplan.

Saksvurdering og konklusjon:

I 2013 handsama dei 9 samarbeidskommunane sak om vidare arbeid med Helsehusprosjektet, og alle kommunane slutta seg den gang til at ein byggjer eit Region- og helsehus på om lag 8 000 m² i Knarvik. Endeleg storleik skulle avklarast i den vidare prosessen. Samla låneramme var føresett til kr 300 mill.

I juni 2015 hadde prosjektet utvikla seg til eit bygg på 12 000 m² og med ei samla låneramme på kr 450 mill.

No er bygget planlagt til 13 230 m², låneramma er føresett kr 640 mill.

Vedlagt dokument merka Sak 3/17: Region Nordhordland Helsehus – utvida låneramme vart lagt fram for kommunane på Representantskapsmøtet den 24. mai. Saka gjer nærare greie for kva som ligg til grunn for behov for utvida låneramme.

Gulen kommune har ein eigar/ansvarsdel på 6,5%. Det inneber at kommunen må svare for i overkant av kr 42 mill av den planlagde låneramma.

Det er utforma leigeavtalar som gjeld for 20 år. Leigeprisane er utforma med grunnlag i netto forventna kostnad. Styret si vurdering er at bygget no har fått ei utforming som er i samsvar med leigetakarane sine ønskjer. Det vil ivareta målet som prosjektet har om å leggje til rette for framtidsetta helsetenester i regionen. Leigeavtalane sikrar økonomien til selskapet og kommunane sin risiko i prosjektet er vurdert til å vere svært liten.

Arealet fordeler seg slik på leigetakarane:

	Totalt m ² BTA
Lindås kommune	6 026
Interkommunalt	1 182
Helse Bergen	4 476
Fylkestannlegen	1 020
Privat (apotek og spesialister)	527
Totalt	13 230

Kommunen har vore jamnleg oppdatert på framdrift i prosjektet på møter i regionrådet. Saka var seinast gjort greie for på Nordhordlandstinget måndag 15. mai der alle formannskapa var samla og i Representantskapsmøte 24. mai.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Gulen kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

Tidlegare behandlingar:

Behandling i Formannskapet 01.06.2017

Handsaming og røysting:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet FSK sak 041/17:

Gulen kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.

Behandling i Hovudutval for omsorg 12.06.2017**Handsaming og røysting:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Hovudutval for omsorg HOM sak 012/17:

Gulen kommune sluttar seg til at selskapsavtalen §7-4 vert endra og at høgaste ramme for selskapet sitt samla låneopptak vert sett til kr 640 millionar kroner under føresetnad av at leigetakarane underteiknar leigeavtalane.